

Årsmelding barne- og ungdomsgruppa 2023.

Friidrett

Lagseriestemne vart arrangert 3 gongar. Vi har vore innom kjente øvelsar som lengdehopp med og utan tilløp, kast med liten ball, 60-meter og 400-meter.

Sigve Holten var trekkplaster under det eine arrangementet. Han demonstrerte og instruerte kulestøt og diskos for deltakarane. Dei som var der fekk kyndig veiledning og hadde ein triveleg kveld med Sigve.

Den 27. august vart det arrangert aktivitetsdag der lagseriestemne òg inngjekk. NAF stilte med sykkelløype, og det var grilling.

Elles har vi servert frukt og saft etter øktene. Det har vore bra oppmøte, der òg mange frå Søya IL har vore med.



Fotball

Todalen IL har ikkje eigne fotballag, men samarbeider med Søya IL om fleire lag. I tillegg har vi fleire medlemmar som spelar for Surnadal IL. Desse laga skapar litt aktivitet på Bordholmen ved at det er litt treningar og kampar som blir lagt til bygda.



Isbane

Isbanen vart jamnleg vatna, skråpa og brøyta i 2023. Barne- og ungdomsgruppa, med stor vekt på enkeltpersonar legg ned mange timar for å halde isbanen fin. Stor takk til dei som brukar mange timar på den jobben! Det er ein fin møteplass for barna i bygda, både kvardagskveldar og helg. Mange vaksne er òg flinke til å delta, eller vere med på grilling og ha litt tilsyn.

Også her kjem det ungar utanfrå for å bruke banen som er eit lågterskel tilbod som blir satt pris på av mange.



Barn i løypa og balleik

Litt avhengig av vêr og føre har vi skifta litt på om aktivitetane har vorte lagt til Tjønnyra eller gymsalen. Det er stort sett bra oppmøte. Vi fokuserer på at alle skal ha det moro og at det skal vere eit tilbod for barna i vinterhalvåret.



Barne- og ungdomsgruppa ser på seg sjølv som ei litt uorganisert gruppe som driv med uorganisert aktivitet. Vi er opptekne av at ungane i Todalen skal ha eit tilbod der dei kan drive med varierte aktivitetar. Og det at isbanen, Tjønnyra og Bordholmen er opne anlegg med litt tilgjengeleg utstyr har gjennom mange år vist seg å bli verdsatt av barna i bygda!

For Barne- og ungdomsgruppa 2023

Anders Gjeldnes